

Kyrkjeblad for Vestre Slidre



*Gi meg ei gull, ei glans, ei prakt
I signet juletid.*

*Gi meg Guds ære, englevakt
og fred på jorden vid.*




Gi meg en fest som gleder mest

den Konge jeg har bedt til gjest.

Gi meg ei gull, ei glans, ei prakt

Gi meg en englevakt.

ZAKARIAS TOPELIUS



Gråpapir og julemysterium

For nokre år sidan tok ein god kollega av meg med to pakker til ei skulegudsteneste. Ei av dei var i fint gullpapir og med ei flott raud sløyfe, medan den andre var i gråpapir og utan noko sløyfe i det heile teke.

Då barna blei spurde om kva for ei gavde dei kunne tenke seg om dei måtte velja, var det inga uvisse i forsamlinga. Alle som ein ville dei ha gava i gullpapir. Men då dei opna henne, og såg kva som var inni, blei dei forundra. Det var gråstein. Ikkje mykje til gavde å skryte av!

Det tok ikkje lange tida før borna retta merksenda mot den andre gavden. Kva kunne det vere? Presten tok forsiktig av gråpapiret før han lyfta ut ei lita kiste full av perler og sjokolademyntar i gullpapir. Bak gråpapiret var det ei skattekiste full av godsaker.

Den gavden vi får i jula, er heller ikkje pakka inn i gullpapir. Tvert imot møter vi ei forteljing som ber preg av at julemysteriet også var innpakka i gråpapir. Maria og Josef kom ikkje ridande inn til Betlehem på kamelar, men på eit lite esel. Ikkje var dei velståande og dei hadde heller ikkje makt eller mynde til å gjera krav på eit husly. Dei måtte ta til takke med ein stall og ei krubbe. Kongenes konge kom ikkje til verda i eit slott og i ei fin seng. Ingen skjøna eller forsto at det var verdas frelsar og livets Herre, skapar av universet og jødane sin konge, som no var komen til verda. Midt mellom dei, innhylla i gråpapir var himmelkongen.

Eg trur mange kjenner seg att i fascinasjonen for gullpapir, sløyfe og alle dei ytre tinga som eigentlige ikkje betyr så mykje. Vi blir så lett

opptekne av det som glimrar og ser innbydande ut. Det er det som har verdi, tenkjer vi. Kvart år kjøper vi fine og ofte dyre gåver til kvarandre, gåver som etter nokre år går sund og ikkje lengre er verdt nok som helst. Den fine innpakninga gjev oss del i noko vi kanskje har ynskja oss og som vi blir glade over å få, men alt vil etterkvart bli erstattat av noko nyare og flottare, som i sin tur også mister verdi.

Jesus kjem ikkje til oss i noko fin innpakning. Han gav avkall på si eiga himmelske herlegdom. Når han kom til vår jord var det ikkje med glitter og glans. Men det han gjev til oss, vil aldri i øve miste sitt verde.

Det vesle barnet som blei fødd i Betlehem, var Guds eigen Son. Og her ligg mysteriet. Han har teke bustad mellom oss og i hjartene våre. «*Alle dei som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds barn,*» seier apostelen Johannes i prologen sin.

At Gud blir fødd i menneskehjarta er eit like ufattelag mirakel som Jesu fødsel i Betlehem. Og det denne gavden vi fekk i dåpen. Difor er kvar dåp i kyrkja vår eit julemysterium der Jesus tek bustad i deg og meg. Det er dette vi minnast no i jula, og difor kan vi høglova Gud med gjetarane ute på marka og syngje «*Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!*»

Med ynskje om ei velsigna jul

OLA PREST

Mi julesalme

Magnhild Skjel har skrive om sin julesalme

*Kaldt og mørkt og lite sol,
soleis er det fram mot jol.
Snø og is all jorda gøymer,
allting ligg i lengt og drøymar.*

*Verda fekk ein lite gjest,
derfor held me jolefest.
Små og store høgt vil kveda,
Saman om den store gleda.*

*Han som kom og sjølv seg gav,
fekk ei krubbe og ei grav.
Derfor me med gledes tåre,
gje han plass i hjarto våre.*

Denne songen song me heime i jula. Eg veit ikkje om fleire stader dei syng den. Men for mange år sidan, kom Hilma Hovda og eg i prat om julesongar, og då vart denne songen nevnt. «Den lærte eg på skulen», sa Hilma. Han ho hadde lært songen av, var læraren, og læraren viste seg å vera onkelen min. Veldig hyggeleg. Songen fortel kvifor vi feirar jul – og med oppmoding om å gje plass til denne julegjesten i hjarta vårt.

*Lomen
stavkyrkje*

Fotograf OLA DØHL



Juleandakt – Julen 2015

«..og tusene barnehender
mot himmelen ljosa held.»

Inn mot denne julen har jeg tenkt mye på Jakob Sandes vakre julesalme «Det lyser i stille grender». Denne salmen inneholder sterke kontraster; lys og mørke, «himmelhall» og «vesal stall», «ringe seng» og englesang. I likhet med salmen får også årets julefeiring en kontrastfylt inngang. Vi bærer alle med oss sterke bilder av mennesker i stor nød. De som har flyktet i tusentall fra sine hjemland, krysset det livsfarlige Middelhavet og som har blitt møtt i Europa med både åpne og lukkede armer. De har flyktet i håp og med drømmer om en trygg fremtid for seg og sin familie.

Så kommer julen, og budskapet om barnet; som ble født midt i vår verden, med all dens skjønnhet og grusomheter. Og jeg tenker på Sandes salme; som tar oss til den første julenatten, og som gir meg den gode gjennkjennelse i det å holde et nyfødt barn i armene for første gang. Det å kjenne den myke huden, stirre inn i dybden av barnets blikk. Det gir også påminnelse om hvor sårbart et menneskeliv er, og hvor avhengig vi er av hverandre. Jesusbarnet ble den gang båret av Maria og Josef, på samme måte som Kristus har båret mennesker over hele verden med sin kjærlighet og nåde i 2000 år.

Alle trenger å bli båret; alle barn i verden trenger omsorgsfulle hender. Og akkurat nå, kanskje mer enn noen gang banker barn og voksne på døra vår. Og de trenger at blikk møter blikk, og bli bekreftet som mennesker. Ja, de trenger det som Sande så fint skriver; «*tusene barnehender mot himmelen ljosa held.*» De trenger at vi løfter våre lys, at kirken løfter opp Ham som er verdens lys.



Julen handler om å synge sangen; synge jubeltonene om barnet. Om Gud som ble menneske. Som ut av de ringeste kår ble den mest dyrebare rose. Som bryter seg igjennom mørket – som bærer mennesker til alle tider – og som gir håp for verden!

«*Songen som etter tonar
med jubel kvar julenatt.
om barnet, Guds Son, vår sonar,
som døden for evig batt*»

Velsignet julehøytid!

*Solveig Fiske
Hamar biskop*

Eit barn er fødd i Aust-Kongo:

Gje tryggleik til jul!

Vesle Victor er barnet til ein namnlaus valdtektsmann og tenåringen Maria som har overlevd det unemnelege. Han er eit barn fødd i smerte og kjærleik. Denne jula kan du vere med og gje ein ny start til born som Victor og mødre som Maria. Det kan du gjere saman med kyrkjelyden din og Kirkens Nødhjelp.

–Når eg ser på Victor, prøver eg å tenkje på framtida, og ikkje på kva eg har opplevd. Eg elskar han, seier Maria (19). Ho bur framleis saman med sonen på rehabiliteringssenteret Dorcas hus, der overlevande etter krigsvaldtekter får tryggleik, traumebehandling og støtte til å utvikla sitt eige levebrød. Senteret ligg vegg i vegg med Panzi-sjukehuset der Maria er eitt av 50 000 valdtektoffer som har fått livreddande behandling av den fredsprisnominerte kirurgen Denis Mukwege og teamet hans.

Valdtektsmenn som taktikk

Konflikten i Aust-Kongo held fram. Brutale valdtekter blir brukte taktisk i konflikten for å rive i stykke familiær og lokalsamfunn. Krigen handlar om kontroll over råvarer og rivalisering mellom ulike etniske grupper. Overgripene har ofte vore soldatar sidan barndomen, og ofte får store fysiske og psykiske skadar. Maria er ei av mange som også får barn som resultat av valdtekten:

– Eg vil ikkje at borna mine skal oppleva all valden eg har opplevd. Det vil øydeleggja dei så veldig. Slik kan vi ikkje ha det, seier Maria.

Gje tryggleik til jul!

Kirkens Nødhjelp jobbar med dei som er skada, med dei som skadar andre og med dei som med livet som innsats vil førebyggje vald og skape tryggleik i Aust-Kongo. Dei siste tre åra har Kirkens Nødhjelp gjeve fleire tusen overlevande etter valdtekter traumebehandling, skulegang og arbeidstrening på ein stad der dei kan kjenna seg trygge.

–Dette arbeidet kan du delta i! For det går heldigvis an å kome på beina att etter øydeleggjande vald. Og valden kan stoppast. Takk for at du er med og gjev tryggleik til jul,



seier generalsekretær Anne-Marie Helland i Kirkens Nødhjelp. Sjølv har Maria ei oppmoding til oss:

–Be for oss og landet vårt så valdtektsmenn og vald stoppar!

Panzi-sjukehuset blei oppretta av Dr Denis Mukwege i 1999. Det var meint som eit sjukehus for fødande kvinner, men blei eit valdtektsmottak som måtte spesialisere seg på kirurgiske operasjonar for å redde kvinner og jenter med øydelagde underliv etter krigsvaldtekter. Har gjeve livreddande behandling til meir enn 50 000 valdtektoffer.

Dorcas hus er eit rehabiliteringssenter knytt til Panzi-sjukehuset. Her får kvinnene traumebehandling, opplæring og støtte i kvarandre for å kunna klara å leva att og ha eiga inntekt. I tillegg driv senteret forsking og førebyggjande arbeid som spesielt rettar seg mot menn.

Kirkens Nødhjelp er norske kyrkjelydar sin eigen diakonale organisasjon, og har jobba i Aust-Kongo i 25 år, etter å ha støtta diakonalt arbeid i landet sidan 70-talet. Berre dei siste tre åra har 2 541 overlevande etter valdtekter fått traumebehandling, skulegang og arbeidstrening på ein trygg stad som resultat av dette arbeidet. I tillegg fokuserer Kirkens Nødhjelp på fred og forsoning, førebygging av kjønnsbasert vald og å sikra reint vann og trygge sanitærforhold til folk som er fordrevne på grunn av konfliktene.

Mo Kyrkjeruin 800 år

I sommer utfordret grunneier på Mo, Kari Synnøve Moe Nevlund meg til å dele noen ord og tanker om Mo kyrkjeruin i anledning av 800 årsjubileet og vår messe der. Jeg leste meg opp på Jan Børre Jahnsen- og her kommer en liten repetisjon av manus:

Vi er på Mo, antakelig den største garden i Slidre, den gang den var udelt. Kanskje er det derfor det ble bygget kirke her, men vi vet altså ikke helt sikkert om det har vært privatkirke. Man regner med at den ble bygget for åttehundre år siden, i 1215, og er kanskje Norges minste frittstående steinkirke fra middelalderen. Den er skåret over samme lest som Slidre og Ulnes kirker i formen. Grunnplanet er et rektangulært skip og et smalere rett avsluttet kor. Total lengde er 12 meter med en meter tykke vegger. Den hadde ikke tårn.

Den var i bruk fram til reformasjonen.


Etter dette sto den til nedfalls. Det neste vi hører om er sokneprest Herman Ruge som i 1734 skriver følgende: «På gården Moe nedenfor gården ved elven mot Slidrevandet står en gammel stenkjerke, hvis vegge endu eere i behold.» I 1750 skriver han videre: «Den har ej været stor, men opbygd af skjonne levende stene.» De gjenstående ruinene er ennå mer enn mandshøye, mener han.

Siden skal det bli verre, men i årene 1972-77 blir restene gravd fram og restaurert i et samarbeid mellom riksantikvaren, lærer og historiker Jahn Børre Jahnsen og hans ungdomskolelever ved Slidre skule.

Og nå kan det holdes utendørsmesse her, en gang i året, bl.a takket være grunneierne velvilje og et fint anlegg.

Ved utgravingen blir det funnet 83 mynter. De eldste fra 11 hundre tallet, de yngste fra 15 hundre. Man finner også middelaldergravsteiner fra 1200 tallet med det karakteristiske stjerne-motivet, et normannisk symbol som peker vestover. En del av ei messeklokke blir også funnet.

Man finner også en massegrav man antar er fra svartedauden. Det bærer preg av å være en hastegrav, det er fem unge kvinner 25 år gamle, 150 cm høye. De ligger rett under torven, uten kiste og omslag av noe slag. Man finner også en bjørneklo.



Så langt historie og bygg.

Her på Mo har Gud vært, forteller vi hverandre. Her var det ei kirke. Her har han søkt folket sitt, som de har søkt han.

Men hvor er han nå?

Så langt han stadig må vandre mot oss, folket sitt. – Opp gjennom århundrene vandrer han. Ut og inn av kirkene går han. Mellom menneskene, gjennom Kyrkja her på Mo også i årene etter 1215. Skal han da aldri bli trett?

Gud trenger ikke hus. Det er vi som trenger hus. Han sjøl går jo bare tvers gjennom veggen. Hvor lenge må han gå slik, før vi anerkjenner ham og vil stå ved ham?

Se, der fortsetter han. Som en fredløs, som fortsetter å håpe på et hjerte som vil åpne seg og huse ham. Bygge morgendagens kirke. Guds rike er innen i dere. Her er han nå. Kjenner dere det ikke?



Med kirka i ryggen: «Fem Fine Fruer», f.v. Liv Berge, Magnhild Skjel, Kari Ulvsløkk Røn, Anne Holden og Ruth Røn.

Trine Geicke Kolbjørnshus

«For du har skapt oss til Deg, og vårt hjerte er urolig inntil det finner hvile i deg».

(AUGUSTIN)

Vikarprest
Daniel Brändle
og klokker
Trine Geicke
Kolbjørnshus
i et gyllent
øyeblikk.



DE SØKTE DE GAMLE STIER

«Hvad Gud har gitt meg, gjennom sin Kirke, er vanskelig å uttrykke i ord.

Han har selv sagt at Han gir oss sin fred, men den er ikke som den fred verden gir. Den er av en annen art. Den kan kanskje lignes med den fred som råder i havet, på de store dyp. Uvær og godvær på overflaten influerer den ikke, og ikke det at rare dyr lever og eter opp hverandre i dypet.

Den er den praktiske erfaring om at Guds rike er inne i oss, skjønt kringsatt av ens eget urolige selv, som er halvten virkelig og halvt en illusion. Men vi erfarer at Gud på en overnaturlig måte uavlatelig, er i oss og opprettholder sitt rike i oss, mot våre egne angrep på det.»

Sigrid Undset



Stiftinga Torgeir Før's minne

deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leifar eller kurs. Frivillige lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarane må være frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad sendast til:

Torgeir Før's minne, Ellestadvegen 34, 2967 Lomen eller torgeirforsminne@yahoo.no

Gullkonfirmantar i Slidredomen 2015



F.v. Vikarprest Ørn, Inga Lome, Torgunn Berger (f. Hamre), Inger Synnøve Lerhol, Liv van Gelder Løvlie, Ragnhild Karin Yrstad Midtmoen, Liv Ellestad Martinsen (f. Anne Liv), Kari Marie Opheim (f. Tveit)
2.rekke Margit Synnøve Bratvold (f. Bergheim), Astrid Karin Aune (f. Tvenge), Ingeborg Anne Lise Skaran (f. Hamre),
Inger Astrid Nordberg (f. Hegge), Svein Egge, Ola Frigstad, Knut Skrindsrød
B.v. Arvid Tvenge, Anne Marit Ødegård Wangensteen, Gullik Stee, Ole Jørgen Tveit

Slidredomen 6. juni 1965 – 30. august 2015

Konfirmasjonsdagen 6. juni 1965 var ein solfylt og fin dag. Dette var nok dagen vi såg fram til med konfirmasjonslag og presangar. Prest var Bjarne Nordheim.

Vi hadde overhøyring same dag som konfirmasjonen så både konfirmantane og presten var nok nervøse. Alle måtte svara på eit spørsmål. Alle skulle rette opp handa på alle spørsmåla, men var det noko vi var litt usikker på skulle vi ikkje ha handa fullt så høgt. Då kunne vi svara på det vi var heilt trygge på.

Konfirmasjonen var ein milepæl. Vi var nesten vaksne, og kunne få gå på fest. Vi hadde livet føre oss og tenkte nok ikkje så mykje over framtida. Lite tenkte vi og på at det var nokon av oss vi aldri fekk sjå att.

For 25 år sidan hadde vi eit treff, trivleg var det å møtast av dei som kunne.

Så skulle det gå 25 nye år før vi skulle samlast som gullkonfirmantar. Denne gongen sakna vi 4, det er trist å tenkja på at Odd Einar Solheim, Torgeir Tande, Olga Rudi og

Ingebjørg Bø og presten vår Bjarne Nordheim hadde gått bort. Vi mintest dei med 1 min stillheit.

Maten smakte godt og praten gikk lystigt rund bordet. Kari Opheim (Tveit) hadde med seg minneboka si, og las opp kva vi hadde skreve i den. Det var mange minner som dukka opp. Av ulike grunnar var vi denne gongen 18 som møtte opp.

Sundag var vi i gudstjeneste i Slidredomen, denne dagen var det islandsk vikarprest Ørn B. Jonsson.


Etter messa var vi inviterte til kyrkjekaffe på Sjukeheimen, som sokneråda i Lomen, Slidre og Røn stod for.

Rummegraut og spekemat, kaffe og bløtkake smakte alt veldig godt. Vi friska på fleire minner frå ungdomstida under maten, før hyggestunda vart avrunda.

Vi sender ein ekstra takk til sokneråda i bygda for ein triveleg sammenkomst med veldig god mat. Dette er eit fint minne vi vil ta med oss vidare. TUSEN TAKK

Margit Bratvold

Konfirmantar 1965



1. rekkje: Knut Skrindsrud, Odd Einar Solheim, Hildegun Hovda, Ingebjørg Bøe, Arnlaug Nyhagen, Inga Gunnlaug Hjelle, Prest Bjarne Nordheim, Bjørg Nyhagen, Margit Synnøve Bergheim, Kjellaug Fystro

2. rekkje: Anne Liv Ellestad, Astrid Karin Tvenge, Inga Magistad, Inger Synnøve Leirhol, Tordis Fredriksen, Tora Marit Lome, Liv Ragnhild Hambro, Anne Marit Ødegård, Torgunn Hamre, Ola Frigstad, Andris Snorheim

3. rekkje: Ingeborg Anne Lise Hamre, Olga Synneva Rudi, Kari Marie Tveit, Liv van Gelder Løvlie, Inga Lome, Ragnhild Karin Yrstad, Inger Astrid Hegge

4. rekkje: Ivar Idstad, Jon Frigstad, Arvid Tvenge, Ole Jørgen Tveit, Geir Erik Kvale, Torgeir Tande, Svein Egge

5. rekkje: Arvid Moen, Gullik Stee, Ivar Hagajordet, Eivind Lahaug, Helge Reidar Dyvesæter

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa
(kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss, Lomen Auto,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet
i kvart sokn i Vestre Slidre.

Kyrkjeverja sitt hjørne

Når eg sit her og skriv dette, er vi fyrst i adventstida. Dette er ei tid der vi bruker mykje lys. Det er mørkt ute om kvelden og vi set fram «levende» lys både ute og inne. I dei siste åra har det vorte meir vanleg å pynte gravene på kyrkjegardane med lys. Mange er flinke og bruker gravlykter, som er godt sikra mot brann. Men ein må tenke på at gravlyktene står støtt, at dei ikkje kan velte om det bles. Ein må og passe på å ta lyktene vekk når dei ikkje brukast meir. Det er ikkje fint å sjå gravlykter liggje rundt på kyrkjegarden. Dei er farlege for både folk og maskiner.

Vi er no i oppstart-fasa av planlegginga av utvidinga av Lomen kyrkjegard. Arealet for utviding ligg i forlenging av noverande kyrkjegard, ned mot Slidrefjorden. Vi håper at planen blir ferdig godkjent innan sumaren. Når denne utvidinga er ferdig, har vi nok gravplasser i alle sokna, så langt vi ser framover.

Så vil kyrkjeverje Elisabeth takke alle for eit godt samarbeid i året som er gått og ynskje alle ei velsigna jul og eit fredfylt nyttår.



Redaksjonen takkar for seg

Dei siste 2 åra har Ingebjørg Høyne, Toril Stensrud Trøen, Turid Kjersti Berge og Elisabeth Myhre vore redaksjon for kyrkjebladet. Desse takkar no for seg og gir stafettpinna til nye redaksjonen som er: Trine Geicke Kolbjørnshus, Lisbet Vik, Veslemøy Kvamme, Brita Siri Nesja og Elisabeth Myhre.

Redaksjonen tek imot stoff til kyrkjebladet med glede. Ta kontakt med redaksjonen. Bladet blir berre betre om fleir sender inn stoff.

Gamal og Ny redaksjon ynskjer alle ei god jul og eit godt nyttår.

Ei lita bøn frå Lundeskogen

Informasjonskonsulent Gro Anita Trøyflat ber oss seie ifrå at Lundeskogen mottak tek gjerne i mot klær, sko, vinterøy, sekker og skiuutstyr til beboarane. Dette er gutar i alderen 15 – 18 år. Dei er ivrige til å lære seg norsk og vil gjerne ha sekkar til å ha bøkene sine i. Vidare har dei moro av å lære å gå på ski. Det som vert levert må vere heilt og reint. Har de spørsmål, ring: 74 60 52 57 eller 98 90 45 11.

Kyrkjebladet takkar

Kyrkjebladet takkar for gåver som er mottatt dette året. I nest nr for kyrkjebladet vil vi skrive inn namn på dei som bladet har mottatt gåver frå og samla sum for 2015.

Allehelgen i Vestre Slidre

Allehelgen er en kyrkjeårsdag med lange tradisjonar. I den katolske kyrkja feirer ein ulike helgendagar gjennom heile året, slik som Olsok, 29. juli. Den dagen vi kjerner som allehelgensdag, var dagen for alle dei helgenane som ikkje hadde sin eigen dag. Alle desse vart feira den 1. november. I Danmark-Norge forsvann denne heilagdagen i 1770, men er likevel ein viktig dag i Den norske kyrkja i dag.

Sjølv om dagen tradisjonelt var ein dag der ein har feira spesielle trusheltar, slik som apostlane, Paulus og St. Olav, har det etter kvart vokse fram ein tradisjon der kvar einskild har fokusert særskilt på dei avlidne slektingane sine. Det har vorte vanleg å tenne lys på gravene, og dagen har vorte til ein dag der vi minnest dei som er gått bort. Å tenne lys på gravene var ein som kom etter 1. verdskriken, det var noko ein gjorde for å minne dei som hadde falle. I Noreg vart skikken lenge betrakta som katolsk vranglære, men etter kong Olav sin død i 1991 har lystenninga etablert seg mellom nordmenn.

I dag er det vanleg å feire minnegudstenester på allehelgensdag. Alle som har mista ein nær slekting det siste

året, vert inviterte til messe i kyrkja. Der les vi opp namnet på alle om har gått bort, og vi tenner lys for dei. Dette er messer som ofte har stor oppslutning i Valdres.

I år bestemte vi i kyrkja i Vestre Slidre oss for å utvide tilbodet rundt markeringa av allehelgensdag. Når ein reiser i europeiske byar, så ser ein da kyrkjene ofte står opne, at ein kan gå inn og sitte i ro dersom ein ynskjer det. Av ulike grunnar står norske kyrkjer ofte låst, og når ein besøker gravene på kyrkje gårdane, har ein som oftast ikkje høve til å gå inn og sjå dei vakre romma som kyrkjene er. I samband med allehelgen i år held vi soknekyrkjene, Lomen, Slidre og Røn, opne ein time på laurdag 31. oktober. Vi ynskte at folk skulle kunne besøke gravene og kome inn i kyrkja. Der kunne dei sitje stille, kjenne ro og atmosfæra i kyrkjerommet, og dei kunne tenne lys. Om lag midt i opnings tida var det ein halvtime med orgelmusikk, musikk komponert mellom 1700 og i dag. Folk kunne til ei kvar tid kome og gå som dei ville.


Are Alund
kantor



BARNAS SIDE

Fargelegg

Jesus, Maria og Josef kjem heim til Nasaret.



Teikningar: Rikke Fjeld Jansen

Finn 5 feil

Engelen fortel Josef at dei må flykte til Egypt. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem små feila på biletet til høgre?



Abonnér på barnebladet

BARNAS

16 blader + DVD eller bok
= berre 365,-

(privatabonnement
heim i posten)



Gruppeabonnement berre 199,-
per barn

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00




Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
faddergåve!

Prikk til prikk

Teikne ein strek frå 1 til 2
og så vidare. Kva skjuler
seg her?



Helsingar frå soknerådsleiarar i siste perioden

Røn sokneråd

Ein ynskjer det nyvalde soknerådet i Røn lukke til med arbeidet dei neste fire åra. Det var solide kandidatar som stod på vallistene i år, så soknerådarbeidet er i gode hender!

Sjølv takkar eg for godt samarbeid til alle dei kyrkjeleg tilsette i prestegjeldet vårt og til avtroppende sokneråd både i eige sokn, i Slidre og Lomen. Gjennom dette vernet har eg vorte kjend med mange sambygdingar og fått innsikt i arbeid og utfordringar innan det lokale kyrkjelivet. Eg har hatt glede av arbeidet, har tenkt at dette er dugnadsarbeid som vi kan hjelpe kvarandre med etter tur. Dei fleste av oss kjem, ved ulike livsfaser, borti situasjonar der vi har bruk for kyrkja som «institusjon» og som bygg og gravplass. Og, som med anna dugnadsarbeid, må ein vera førebudd på innsats og arbeidstimar, for det krevs både tid og omtanke. Samtidig veit vi at vi alle har andre arenaer òg som krev oss, difor er det fint at soknerådet dreg lasset saman ved å dele på oppgåvene.

I Vestre Slidre er for tida alle stillingar, knytt til kyrkja, fylte! Det er eit veldig godt utgangspunkt! Eg håper vi som vestreslidringar evnar å ta godt vare på dei tilsette, viser interesse og engasjement.

Julehelsing frå
Anne Berit Strømmen Strand.

Slidre sokneråd

Har vært leder i Slidre Sokneråd i 4 år. Vi har hatt så godt samarbeid mellom sokneråd og ansatte. Dette vernet er frivillig, så da har vi gjort det vi har fått tid til i tillegg til arbeid o.s.v.. Men det er viktig å ta vare på denne kulturarven vår i kirke og menighetsliv. Håper dere Slidringer fortsatt sette pris på dette, og at dere er positiv når du blir spurt om å delta i soknerådsarbeid og som frivillig i menigheten.

Hilsen
Oddrun Kverneggan

Lomen sokneråd

Ei kort sumering som leiar av Lomen sokneråd.

Eg var kasserar i to år og leiar i to år. Det har vore interessant og lærerikt å vera med i soknerådet, og det har vore mykje dugnadsarbeid. Då eg tok over som leiar, var det midt i oppussinga av Lomen kyrkje, så det vart mykje dugnadsarbeid på oss etter kvart. Vi tok òg meir oppussing på eige initiativ. Så var det 100-års jubileet av kyrkje, som også tok noko tid. I tillegg har vi hatt «vanlig» soknerådsarbeid og div. arrangement. Vi har hatt eit flott samarbeid i soknerådet, så vi har jobba godt saman og delt på arbeidsoppgåvene. Det har òg vore eit godt samarbeid med sokneråda i Røn og Slidre, og med Kyrkjekontoret. Eg synes eg har vorte kjend med mange trivelege folk desse åra.

Med venleg helsing
Dagrun Øyen.

Overnatting langs pilegrimsvegen i Valdres

I tråd med utviklingen langs andre pilegrimsveger ser vi også i Valdres et økende antall enkeltvandrere og smågrupper som går på egen hånd fra Hedalen til Filefjell eller kortere strekninger. Dermed har vi behov for flere enkle overnattingssteder. Har du et ubrukt rom i kjelleren eller på loftet, eller en liten hytte, gjerne med tilgang til vann og toalett, kanskje også kokemuligheter, ikke for langt fra vandringsvegen, så ta kontakt med oss. På vår overnattingsliste til vandrerne skriver vi opp telefonnummer, for vandrerne må ta kontakt med «utleier» på forhånd. Ellers er det opp til deg selv å organisere dette. Regn ikke med store inntekter, mer litt hyggelig kontakt. Hva som kan skje på sikt er vanskelig å si. Men gode tilbakemeldinger får jungeltelegrafen til å virke blant pilegrimsvandrere. Da kommer det flere.

Pilegrimsfellesskapet St. Tomas i Valdres
Trond Øigarden, daglig leder, tlf. 950 77 558, trondo@online.no
Jahn Bør Jahnson, styreleder, tlf. 918 17 950, jbjahnsen@gmail.com

Slidre sokneråd

Namn Medlem	Funksjon	Tlf.	Adresse
Hilde Berge	Sekretær og Diakoniutval	90507994	Vestsidevegen 891, 2960 Røn
Jan Tore Vik	Nestleiar fellesråd	92868986	Vestsidevegen 1583, 2967 Lomen
Lisbet Vik	Nestleiar og Kyrkjeblad	47677455	Vestsidevegen 1583, 2967 Lomen
Siv Tone Drevsjørmoen	Leiar og Trusopplæringsutval	99460547	Vøllavegen 27, 2966 Slidre
Ingebjørg Moe	Fellesråd og Gudstenesteutval	90944367	Vestsidevegen, 2960 Røn
Frank Wøien Mo	Kasserar	99037522	Jordheimsvegen 69, 2960 Røn
Sokneprest Ola Døhl		48132050	Vøllavegen 6, 2966 Slidre
Vara			
Nils-Olav Tilden	Vara Fellesråd	93043287	Slidrevegen 244, 2966 Slidre
Caroline Eugenie Synvis		93097190	Tvengisbakken 1, 2966 Slidre
Grethe Løken		95234458	Tyinvegen 2644, 2966 Slidre
Aud Lahaug		61343224	Tvengisbakken, 2966 Slidre
Jan Dokkehaugen		95201759	Steinsvegen 19, 2967 Lomen
Karin Bjørnsrud		91779933	Vestsidevegen 1059, 2960 Røn

Røn sokneråd

Namn Medlem	Funksjon	Tlf.	Adresse
Martin Wiknes	Leiar og Gudstenesteutval	90181350	Rogndokkvegen 173, 2900 Fagernes
Øyvind Magistad Berge	Nestleiar og Fellesråd	95798032	Rønsvegen 250, 2960 Røn
Anne- Marit Røn	Sekretær og Fellesråd	91857834	Rønsvegen 109, 2960 Røn
Inger Astrid Nordberg	Kasserar	99009508	Grefsrudvegen 18, 2960 Røn
Hege Fosheim		92803436	Fosheimvegen 41, 2960 Røn
Veslemøy Kvamme	Kyrkjeblad	95868588	Grefsrudvegen, 2960 Røn
Sokneprest Ola Døhl		48132050	Vøllavegen 6, 2966 Slidre
Vara			
Kjell Nordåker		41629425	Oldrumvegen 83, 2960 Røn
Jan Martin Hambro	Vara Fellesråd	99235884	Knippesetvegen 11, 2960 Røn
Gunvor Hambro		41683997	Rønsvegen 263, 2960 Røn
Asbjørg Hansebråten		99224910	Oppheimsvegen 39, 2960 Røn
Ivar Qualben		90585722	Tyinvegen 1628, 2960 Røn
Odd Bækkelien		97081526	Rønsvegen 500, 2960 Røn

Lomen sokneråd

Namn Medlem	Funksjon	Tlf.	Adresse
Inger Lise Aastad Kjøs	Leiar og Fellesråd	93043334	Nordabergsvegen 114, 2973 Ryfoss
Brita Siri Nesja	Kasserar og Kyrkjeblad	97189886	Ellestadvagen, 2967 Lomen
Mona Røtterud	Sekretær og Trusopplæringsutval	90155659	Lina 26, 2967 Lomen
Anne Marte Lyseng	Leiar fellesråd	96228987	Tyinvegen, 2967 Lomen
Margit K. Lyngstad	Diakoniutval	48033078/61343797	Vestsidevegen 2119, 2967 Lomen
Audun Øygard	Nestleiar og Vara fellesråd	97412344	Vestsidevegen 1947, 2967 Lomen
Sokneprest Ola Døhl		48132050	Vøllavegen 6, 2966 Slidre
Vara			
Randi Irene Øraker Horge	Kyrkjeblad, vara	47608940	Nordabergsvegen 380, 2973 Ryfoss
Per Olav Eide	Kyrkjeblad, vara	91674876	Tyinvegen 3124, 2967 Lomen
Ola Tvenge		90669179	Johnsvegen 41, 2967 Lomen
Ola Bakke		91887294	Nordabergsvegen 260, 2973 Ryfoss
Thomas Aastad		90972142	Nordabergsvegen, 2973 Ryfoss

Representantar til fellesrådet, valt av kommunestyret

Odd Jørgen Sørensen	Kommunerepresentant	91322796	Brekkudn 10, 2960 Røn
Johanna Fuglesteg	Vara kommunerepresentant	90156613	Rønsvegen 292, 2960 Røn

Gudstenesteutvalet er utvida med følgande representantar:

Joan T. Homme, Trine Geicke Kolbjørnshus og Kirsten Rostbøll.

Kyrkjebladredaksjonen er utvida med følgende representant: Trine Geicke Kolbjørnshus

KYRKJELEGE HANDLINGAR

22.06.2015 – 10.12.2015

Døypte	Lomen sokn	09.08.15	Lerke Lilje Colbjørnsen Lome (døypt i Stavkyrkja)
	Røn sokn	13.09.15	Abel Nymoen
		11.10.15	Andreas Nordli
		29.11.15	Eline Ringsaker Vika
	Slidre sokn	06.09.15	Anna Bråten Hamre
Vigde	Røn sokn	01.08.15	Linda Katrine Gangstad Nilsen og Stig Morten Nordli
	Slidre sokn	25.07.15	Hilde Katrine Lindboe og Martin Dalen
		08.08.15	Eivor O. Biribakken og Mikkel Fredrik D. Mathiesen
		22.08.15	Camilla Paulsen og Erling R. Sæteren
Jordfesta	Røn sokn	04.12.15	Olav Lahaug (f. 1927)
	Lomen sokn	15.07.15	Dorthe Haugen (f. 1921)
	Slidre sokn	28.07.15	Gjermund Hamre (f. 1967)
		04.09.15	Inga Engevold (f. 1925)
		11.09.15	Marit Tilden Nordby (f. 1924)
		13.10.15	Håkon Heia (f. 1926)
		13.10.15	Marit Bergheim (f. 1927)
		08.12.15	Bjarne Kristian Brattrud (f. 1938)

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er opent: måndag, onsdag og torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00, tysdag kl. 12.00 – 15.00.

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepristen@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb
Elisabeth Myhre	61345095 90591761	Kyrkjeverje
Eldbjørg Myrvang Wiknes	61345098 45202615	Kontorfullmektig Diakonimedarbeidar
Are Alund	99734175	Klokkar Lomen sokn. Klokkar Slidre sokn ved gravferd Kantor
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar Røn sokn. Røn og Øyjar
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjetenar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn sokn. Røn og Øyjar Kyrkjetenar i Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre. Reinhaldar i alle sokna
Nils Einar Ormestad	90178983	Ringjar i Slidre
Caroline Synvis	93097190	Tilsynshavar Lomen stavkyrkje Trusopplærar

MESSELISTE

Vestre Slidre jul 2015 – påske 2016

Dato	Dag	Stad	Tid	Teneste	Prest	Takkoffer
20.12.	Søndag	Slidredomen	19.30	Konsert	Kurve	
21.12.	Måndag	Slidredomen	19.30	Konsert		
21.12	Måndag	Røn kyrkje	19.30	Vi syng og spelar jula inn	Vestre Slidre sanglag og Sør-Aurdalkoret. Røn musikklag	
24.12.	Julaftan	Lomen kyrkje	14.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	Kirkens nødhjelp
24.12.	Julaftan	Slidredomen	15.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	SOS-barnebyer
24.12.	Julaftan	Røn kyrkje	16.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	Frelsesarmeens Fagernes
25.12.	1.juledag	Slidredomen	11.00	Høgtidsmesse	Sokneprest Ola Døhl	Soknerådsarbeid
26.12.	2.juledag	Vestre Slidre sjukeheim	11.00	Høgtidsmesse	Sokneprest Ola Døhl	
01.01.16	Jesu namnedag	Øyjar kapell	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Sundagsskulen, Røn
03.01.16	Kristi openberringsd.	Slidredomen	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Diakoni
Torsdag 14.01.16	Serafim av Sarov	Slidredomen	19.30	Vesper	Sokneprest Ola Døhl	
17.01.16	3.s.i.openb.tida	Lomen	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Diakoni
31.01.16	Kristi forklæringsdag	Røn kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Kirkens SOS
Tysdag 02.02.16	Kyndelsmesse Mariadag	Slidredomen	19.30	Vesper	Sokneprest Ola Døhl	
07.02.16	Fastelavenssundag	Slidredomen	19.30	Taizè-messe ungdomsmesse	Sokneprest Ola Døhl	Soknerådsarbeid
Onsdag 10.02.16	Oskeonsdag	Slidredomen	19.30	Oskeonsdagsmesse	Sokneprest Ola Døhl	Kirkens nødhjelp
14.02.16	1.s. i faste	Lomen kyrkje	11.00	Familiemesse Sundagsskuleskirenn	Sokneprest Ola Døhl	Måndagstreff
21.02.16	2.s. i faste	Røn kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Soknerådsarbeid
06.03.16	4.s.i faste	Slidredomen	11.00	Familiemesse. Tårnagenthelg	Sokneprest Ola Døhl	
06.03.16	4.s.i faste	Røn kyrkje	19.30	Kveldsmesse	Sokneprest Ola Døhl	
20.03.16	Palmesundag	Lomen kyrke	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
24.03.16	Skjærtorsdag	Vaset	12.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
25.03.16	Langfredag	Slidredomen	19.30	Langfredagsgudst.	Sokneprest Ola Døhl	
26.03.16	Påskennatt	Slidredomen	23.00	Året sin store festmesse	Sokneprest Ola Døhl	
27.03.16	1.påskedag	Slidredomen	11.00	Høgtidsmesse	Sokneprest Ola Døhl	
28.03.16	2.påskedag	Vestre Slidre sjukeheim	11.00	Høgtidsmesse på sjukeheimen	Sokneprest Ola Døhl	
30.03.16	Johannes Klimakos	Slidredomen	19.30	Vesper	Sokneprest Ola Døhl	

Det kan kome endringar i messelisten. Sjå i avis Valdres, Det skjer.

Ledestjerne

Vi roper denne natten:

Gi oss en vei å gå.

Gi oss ennå en stjerne

å feste øynene på.

*Gi oss ennå et hjerte,
ikke av vest eller øst,
gi oss et hjerte som favner
all verden – og grenseløst.*

*Gi oss ennå å gråte
over vårt mørke sted.*

*Gi oss igjen å høre:
Fred over jorden. Fred!*

*Gi oss ennå å bryte
opp som de vise menn.
Gi oss i natt en stjerne,
og gi oss å følge den.*

EINAR SKJÆRAASEN



***Slidre bygg •
prosjektering a.s***